


Detaljregulering for Spona Camping, gnr/bnr. 61/279 Endring

Kommune: Fitjar kommune

ID: 1222 - 200504

Dato: 28.06.2020, rev. 04.12.2020



Versjon	Dato	Skildring	Utarbeidd av	Kontrollert av
01	12.08.2020	Innsending av planforslag til Fitjar kommune	EPS	ES
02	04.12.2020	Revidert innsending til Fitjar kommunen	ES	

Innhald

1 Samandrag	5 -
2 Bakgrunn	5 -
2.1 Føremålet med planen	5 -
2.2 Forslagstillar, plankonsulent, eigartilhøve	6 -
2.3 Tidlegare vedtak i saka.....	6 -
2.4 Utbyggingsavtalar	6 -
2.5 Krav om konsekvensutgreiing?	7 -
3 Planstatus og rammevilkår	8 -
3.1 Overordna planar.....	8 -
3.2 Gjeldande reguleringsplanar	9 -
3.3 Tilgrensande planar	10 -
3.4 Temaplanar	10 -
3.5 Statlege planretningslinjer/ rammer/ føringar	10 -
4 Skildring av planområdet, eksisterande tilhøve	11 -
5 Skildring av planforslaget	14 -
5.1 Planlagt arealbruk.....	14 -
5.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål.....	14 -
5.3 Campingplass og næringsverksemd	15 -
5.4 Veg-/ trafikksituasjon, tilkomst/ avkøyrse.....	15 -
5.5 Parkering	17 -
5.6 Støy/ forureining	17 -
5.7 Barn og unge sine interesser i planområdet, leike- og opphaldsareal.....	17 -
5.8 Landskap	17 -
5.9 Estetikk	18 -
5.10 Friluftsliv/ grøne interesser	18 -
5.11 Naturmangfald	18 -
5.12 Strandsone og vassdrag.....	18 -
5.13 Kulturminne	19 -
5.14 Vatn, avløp og overvasshandtering	20 -
5.15 Renovasjon.....	20 -
5.16 Landbruk/ jordvern.....	20 -
5.17 Helse, miljø og tryggleik	20 -
5.18 Økonomiske konsekvensar for kommunen	20 -
5.19 Eigedomsinngrep.....	20 -
6 ROS analyse	20 -

6.1 Føremål og metode	- 20 -
6.1.1 Føremål	- 20 -
6.1.2 Metode	- 21 -
6.2 Skildring av planområdet	- 23 -
6.3 Identifisering av moglege uønskete hendingar	- 24 -
6.3.1 Ras/ skred/ geoteknikk	- 25 -
6.3.2 Flaum	- 25 -
6.4 Sammandrag ROS	- 25 -
7 Konsekvensar/ verknader av planforslaget	- 26 -
8 Avsluttande kommentar	- 26 -
9 Vedlegg	- 26 -

1 Samandrag

Det er planlagt ei endring av gjeldande reguleringsplan for Spona camping på Fitjar etter forenkla planprosess. Endringa vil fyrst og fremst visa seg gjennom å tillate eit større servicehus og å justere dei frittliggjande utleigeeiningane som er tillate i området men som ikkje er bygd enno. Bruken elles vil bli vidareført slik intensjonane var ved utarbeiding av planen i 2005, men med oppdatert plankart etter gjeldande krav til plankartet og i samsvar med allereie utbygd område.



Figur 1 Ortofoto over campingplassen på Spona, planområdet. Kjelde: kommunekart.com

2 Bakgrunn

2.1 Føremålet med planen

Føremålet med planendringa er å leggje til rette for noko utviding av område regulert til camping og næringsområde med sikte på å kunne utvide dagens servicebygning samt betre plasseringa av nye utleigehytter.

2.2 Forslagstillar, plankonsulent, eigartilhøve

Omega Areal AS er engasjert av Kråko Gjestetun AS v/Kristoffer og Randi Dalen for å utarbeide ei endring av gjeldande reguleringsplan for campingplassen på Spona, gnr. 61, bnr. 279 i Fitjar kommune. Kråko Gjestetun AS er også heimelshavar på eigedomen.

2.3 Tidlegare vedtak i saka

Det er planlagt ei endring av gjeldande reguleringsplan som vart vedtatt i 2005. Planen er utarbeidd etter PBL85 og har bl.a. arealføremål som ikkje er i tråd med gjeldande spesifikasjonar for sosi. Endringa vil ikkje gå utover intensjonen i plankartet frå 2005, men vil til dels ha nye arealføremål som samsvarer med dagens krav og bruken av areala slik dette går fram av føresegnene. Planlagt bruk og føresegner for kvart område vert i stor grad vidareført slik dei ligg føre. Endringane gjeld fyrst og fremst:

- Endring av føremål etter dagens standard, i tråd med intensjonane lagt i planen frå 2005
- Mindre justering av føremålsgrenser
- Endring av utnyttingsgrad ved å tillate større servicehus
- Endre plassering og utnytting av utleiehytter
- Grad av utnytting inkl. byggjehøgder vert vurdert og justert etter dagens standard
- Bygd utleiehus ved innkøringa til campingområdet vert innregulert
- Vegar vert justert i samsvar med kor dei er utbygd

Endringa av gjeldande plan vert gjort etter forenkla prosess då endringane i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen, endringane vil ikkje gå utover hovudrammene i planen, og vil heller ikkje berøre omsynet til viktige natur- og friluftsområder, jf. PBL § 12-14 andre ledd. Kommunestyret kan difor delegere myndigheita til å vedta endringane. Det framgår likevel av PBL § 12-14 første ledd at ved endring av reguleringsplanar gjeld same føringar som for utarbeiding av ny plan. Det vart heldt oppstartmøte med kommunen 26.02.2020 (sak 2020/104), og referat føreligg. Av referatet legg kommunen føringar for korleis utarbeidinga av planen skal føregå, der bl.a. ROS- analysen skal inngå som del av planomtalen, og heile planen skal oppdaterast etter gjeldande krav til plankartet. Det er avtalt med kommunen at stien til badeplassen ved vatnet ikkje skal takast med i endra plan.

Det er ikkje krav til varsling av oppstart av planarbeidet ved utarbeiding av endringar etter forenkla prosess. Den skal likevel leggast fram for berørte myndigheiter, eigarar/ festarar og andre berørte i 3 veker før ein treff vedtak om endringane i tråd med PBL §12-14 tredje ledd. Kommunen vil sende endringa til uttale.

2.4 Utbyggingsavtalar

Infrastrukturen i området er allereie utbygd, og det vil som følgje av planendringa ikkje vere behov for utbyggingsavtale for gjennomføring av planane.


2.5 Krav om konsekvensutgreiing?

Planane vert ikkje omfatta av krav til konsekvensutgreiing då endringane er i samsvar med overordna plan, kommuneplanen til Fitjar kommune 2011-2022, der reguleringsplan fortsatt skal gjelde. Det er i dette tilfelle snakk om mindre justeringar av gjeldande reguleringsplan.

3 Planstatus og rammevilkår

3.1 Overordna planar


Planområdet ligg i kommuneplanen med arealføremål fritids- og turistføremål, FT, der reguleringsplan framleis skal gjelde. Planendringa er i tråd med overordna plan. Heile området ligg som funksjonell strandsone i kommuneplanen, H1, og gjeldande reguleringsplan tilrettelegg tilkomst og bruk av strandsona som del av campingområdet.



Figur 2 Utsnitt frå gjeldande kommuneplan for Fitjar 2011-2022. Kjelde: kommunekart.com

3.2 Gjeldande reguleringsplanar

Gjeldande reguleringsplan er detaljreguleringsplanen for Campingsplass, Spona (200504) vedtatt 14.12.2005. Hovudintensjonen i denne planen vil bli vidareført til denne planendringa, men med oppdatert plankart etter gjeldande krav.



Figur 3 Reguleringsplan for Campingplass, Spona, vedtatt 14.12.2005. Kjelde: kommune kart.com

3.3 Tilgrensande planar

Tilgrensande planar er detaljreguleringsplanen for Kråko (200304), vedtatt 24.09.2003 og detaljreguleringsplanen for Kvedno/Kjærelva – Næring og veg (201404), vedtatt 11.11.2014. Desse to planane



omfattar vegareala som grensar til campingplassen, og planen for Kvedno/Kjærelva erstattar delvis planen for Spona Camping. Plangrensene er difor justert til å følgje grensene til desse to planane

3.4 Temaplanar

Fitjar kommune har vedteke ulike temaplanar for VA, kulturminneplan og overordna ROS- analyse. Det er ikkje kjend med andre planar som kan ha tyding for planendringa av Spona Camping.

3.5 Statlege planretningsliner/ rammer/ føringar

Planane vil vere i tråd med intensjonane i gjeldande plan og kommuneplan, og vil vere i tråd med overordna retningsliner, rammer og føringar.

4 Skildring av planområdet, eksisterande tilhøve

Campingplassen ligg mellom Kråkevegen og Kjerelvvegen inst i Hellandsfjorden på Fitjar. Tilkomst til området skjer via fv. 5070 Vestbøstadvegen, 3 km frå Fitjar sentrum. Campingplassen på Spona vert drifta under namnet Kråko Gjestetun som driv med utleige av selskapslokale, catering og overnatting i leilegheit/ rom eller på plassen med campingvogn, bubil og telt. Området er vendt mot sjø i vest med tilhøyrande småbåthamn, og har grøne områder og kollar for rekreasjon og opphald. Ein kjem inn til campingplassen via eigen avkøyrsløse frå Kjerelvvegen. Mjuka trafikantar har gode forhold, der både Kjerelvvegen og Kråkevegen har ein-sidede fortau. Det går ein ca. 300m lang sti frå campingplassen og til Breiavikjo badestrand aust for planområdet.


Pr. i dag er det ført opp tre bygningar i tillegg til faste installasjonar knytt til campingvogner og bubilar. Desse bygga er eit servicehus, teknisk hus og eit utleigebygg/ campinghytte/garasje. Servicehuset har selskapslokale, to leilegheiter til utleige, serviceanlegg (kjøkken, dusj, vaskemaskin), stove og kontor. Campinghytta/ er horisontaldelt med lagringsplass/garasje i fyrste etg. og utleigeining i andre etg. og bygget er plassert like ved



innkøyrsla til området. Campingområdet er reservert for vogner og bubilar, medan dei grønne områda har mest vore nytta til oppføring av telt. Mot sjø i vest er det strand og kaianlegg med småbåthamn og lafta lavvo. Det er opna for oppføring av 9 campinghytter innanfor areal for næring i den gjeldande planen, men desse er ikkje bygd pr. i dag. Interne vegsystem, kaianlegget og områda for plassering av utleigehytter og campingvogner/ bubilar er grusa, resten av området er lite opparbeidd, men til dels planert for aktivitetar og telt.

For å tilpasse ei framtidig god drift vert det i denne reguleringsendringa lagt opp til ei utviding av dei fasilitetane som allereie er til stades på campingplassen, og å tilpasse den gjeldande planen til slik bruken er i dag.

Det er ikkje eigen leikeplass på området, men det er sett ut benkar og tilrettelagt for leik og opphald på dei «grønne» områda. Her vil det gjennom planendringa leggjast til rette for å kunne ta i bruk områda med enkelte installasjonar slik at uteaktivitetar kan gjennomførast utan at områda vert bygd ned.



Figur 5 Servicehuset med utsikt mot småbåtanlegget og Litla Kråko på andre sida av fjorden.



Figur 7 Naturleg kolle som skjermar område for plassering av campingvogner/ bubilar og utleigehytter frå sjø. Foto tatt mot sør og ut fjorden.

Områda for plassering av faste bygg/ installasjonar og campingvogner/ bubilar er flate og ligg mellom Kråkevegen og den naturlege kollen ned mot sjø i vest, begge på ein slik måte at campinghytter og -vogner/ bubilar vert skjerma for innsyn. Det er fyrst og fremst servicebygget, utleigebygget med lager og det tekniske bygget som vert synleg frå Kjerelvvegen, men då frå sørleg retning.



Figur 8 Grasslette på den nordlegaste delen av campingplassen. Foto tatt mot den inste delen av fjorden, Drageidpollen.



Figur 9 Foto tatt frå høgste kulle og mot sør. Settefiskanlegget til Lerøy Sjøtroll på Kjærelva syner godt igjen i landskapsbiletet.

5 Skildring av planforslaget

5.1 Planlagt arealbruk

Arealbruken er tenkt vidareført frå eksisterande plan, men med utviding for kunne utvida servicebygget og for å betre kunne plassere utleigehytter. Det vert elles gjort mindre endingar for å vere i samsvar med det som er gitt løyve til og bygd. Føremåla i planen er noko endra frå tidlegare plankart for å tilfredsstille nye krav til planframstilling.

5.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål

Campingplass – det meste av eksisterande campingplass er regulert til dette føremålet, og også området til utleigehytter er avsett til campingområde der føresegnene til planen opnar for campinghytter til utleige innanfor området avsett som BC2.

Småbåtanlegg – både områda på land og i sjø er avsett til småbåtanlegg BBS og BSB. Føresegnene opnar for at det kan leggast ut flytebrygger innanfor BSB.

Servicebygningane har nå fått eit kombinert føremål der det er opna for servicebygg, lager, utleigeeiningar mm.

Veg, SV – det er sett av føremål til veg der det i dag er opparbeidd vegar og parkering. Føresegnene opnar opp for at delar av arealet kan vere til parkering.

Friområde – det var tidlegare delt inn i friluftsområde og friområde. Arealet ned mot sjø og den ytterste kollen er nå avsett som grønstruktur, friområde. Det er i tillegg avsett eit område langs veg til vegetasjonsskjerm. Dette er eit belte som kan gje noko skjerming av campingplassen. Innanfor området GF2 er det tillete å setja opp telt.

<i>Føremål i planending</i>	<i>Kommentar</i>	<i>Sum (m2)</i>
Campingplass, BC Utleigehytter, BUH	Område for campingvogner, bubilar og utleigehytter	7735
Småbåtanlegg, BBS	Del av småbåtanlegg – landdelen	906
Småbåtanlegg, BSB	Del av småbåtanlegg - sjødelen	2608
Kombinert, BKB	Område med eksisterande servicebygg og utleigeeiningar	1666
Veg, SV	Vegar som er bygde inkl. parkeringsplassar	1256
Friområde, GF Vegetasjonsskjerm, GV	Dette er deler av grønstrukturen i området, og områder som kan nyttast til rekreasjon og leik. Delar av området kan nyttast til telt, GF2.	4610

Friluftsområde i sjø, VFS	Område i sjø der det ikkje skal gjerast vesentlege inngrep.	1792
Totalt areal		20573

5.3 Campingplass og næringsverksemd

Planendringa endrar ikkje vesentleg på området for camping og utleigehytter, men endringa gjer noko betre plass for utleigehytter. Plasseringa av utleigehyttene er nå ikkje sette i plankartet, dette må løysast gjennom situasjonsplan i byggesak. Området for servicebygget ved sjøen er utvida for å gje rom for planlagt utviding. Drifta av dette bygget har stor påverknad for økonomien og drifta av campingplassen. Dette bygget vert nytta til selskapslokale der dei også serverar mat.

5.4 Veg-/ trafikksituasjon, tilkomst/ avkjørsel

Trafikken til området består stort sett av personbiler i samband med arrangementer i servicebygning og ellers campingvogner og bubilar til campingplassen. Det er bygde interne vegar i feltet. Tilkomstvegen og avkjøringa til området vart oppgradert i samband med bygginga av det store akvakulturanlegget. Langs hovudtilkomsten er det lagt inn eit område med grønt for å kunne skjerme campingplassen noko for innsyn. Det er elles lagt inn byggjegranser langs dei regulerte interne vegane.



Figur 10 Foto syner hovudtilkomst med fortau mot campingplassen. Vegarealet inngår i reguleringsplanen for settefiskanlegget til Lerøy Sjøtroll på Kjærelva. Kjelde: [google.no/maps](https://www.google.no/maps)



Figur 11 Foto som syner avkjørsla til campingplassen. Kjelde: google.no/maps

5.5 Parkering

Det er ikkje avsett eigne areal for parkering på plankartet, men det er opna for parkering på delar av SV slik det også er nytta i dag. Ved oppføring av utleigehytter, så må det visast parkering til desse i samband med situasjonsplan i byggesaka. Parkering elles må løysast innanfor områda avsett til byggjeføremål.

5.6 Støy/ forureining

Campingplassen driv ikkje med støyande arbeid/aktivitetar, og det er ikkje støykjelder i nærleiken som påverkar campingområdet.

5.7 Barn og unge sine interesser i planområdet, leike- og opphaldsareal

På ein campingplass vil det vere varierende aldersgrupper med både eldre og yngre. Familiar campar gjerne på campingplassar. Ved plassar som dette er gjerne aktivitetane knytte sjøaktivitetar. Det er ikkje opparbeidd eigen leikeplass innanfor området, men det er grønne områder/grasslette som kan nyttast til forskjellige typar aktivitetar.

5.8 Landskap

Det er vidareført grønne områder på plankartet. Spesielt er det tatt omsyn til at ein bør behalda den eine «kollen» og områda rundt utan mykje inngrep. På ein mindre del av det grønne området er det opna for at det kan setjast opp telt. Det er regulert eit grønt belte mellom campingplass og veg/ fortau.

5.9 Estetikk

Føresegnene set krav til storleik og byggehøgde for nye bygningar. Campingområdet er skjerma mot vegane med vegetasjonsskjerm med beplantning. Bygningane i området er små sett i forhold til dei store bygningane til oppdrettsanlegget like ved.



Figur 12 Campingplassen sett frå sør, det vil ikkje bli vesentlege endringar i landskapsbiletet med endringa av reguleringsplanen. Kjelde: [google.no/maps](https://www.google.no/maps)

5.10 Friluftsliv/ grøne interesser

Planendringa fører ikkje til store endringar i høve gjeldande plan, og området vil stort sett framstå slik det gjer i dag. Det skal ikkje gjerast særlege inngrep i dei uberørte areala, noko som ivaretek dei grøne interessene i området. Særskilt kollen i nord gir meirverdi for området og rekreasjon, og denne vil bli bevart då den er avsett til friområde.


I nærområdet er det ein del kartlagde friluftslivsområder, på Vestbøstad, rundt Vestbøstadtjørna og rundt Storavatnet. Vestbøstadtjørna er også eit naturreservat. Campingplassen ligg svært godt til rette for både tilgang og oppleving/ bruk av desse områda. Det er opparbeidd friluftsområde med toalett og badeplass ved Breidavika.

5.11 Naturmangfald

I fjorden er det registrert fleire fugleartar av særleg stor forvaltningsinteresser; bergand, makrellterne og svartbak, samt fiskemåke, ein art av stor forvaltningsinteresse. Heile fjorden er registrert med marin naturtype «Bløtbunnsområder i strandsonen», og er lokalt viktig. Dette er strandflater med bløtt mudder i beskytta områder. Planendringa endrar ikkje på områda i sjøen, og bruken av området vil heller ikkje bli vesentleg endra.

5.12 Strandsone og vassdrag

Campingplassen ligg innafør 100- meters beltet til sjø og i område registrert som funksjonell strandsone i kommuneplanen. Arealbruken er avklart i overordna plan, og denne reguleringsendringa vil ikkje føre til store justeringar i denne. Å samle småbåtar i felles anlegg som dette er ei arealeffektiv løysing. Strandsona er i seg sjølv ein del av kvaliteten til campingplassen. Det er avsett byggjegransar i planen, og desse samanfall med føremålsgransene fleire stadar. Byggjegransene vil framgå av sosi-fila, men vil vere lite synleg på pdf-utgåva av plankartet. Det vert difor vedlagt ein illustrasjon som syner byggjegransar.



Figur 13 Avsette byggjegranser markert med stipla raude liner.

5.13 Kulturminne

Ingen verneverdige bygningar og miljø eller SEFRAX- registrerte bygningar. Området grensar til kystgardsmiljøet på Vestbøstad, men det er ikkje registrert noko kulturminne innanfor planområdet.

5.14 Vatn, avløp og overvasshandtering

Vassforsyninga og avlaupsløysinga er bygd ut av Kråko Utvikling, og er soleis privat. Det er nok sløkkjevattn i området for å dekkje utviklinga som er planlagt for campingplassen.

5.15 Renovasjon

Miljøstasjon/ henteplass for avfall vil vidareførast, og ligg ved innkøyringa i området avsett til veg.

5.16 Landbruk/ jordvern

Ingen endringar, då bruken berre vil vidareførast med mindre endringar.

5.17 Helse, miljø og tryggleik

Det er brannkrav for avstand mellom campingvogner, bubilar og hytter. Det har vore nye krav ute på høyring, men desse krava er ikkje vedtekne ennå. Planforslaget vil gå på høyring til mellom anna brannvesenet.

5.18 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Det vil ikkje vere nye kommunale anlegg innanfor området eller utanfor som følgje av dette planforslaget.

5.19 Eigedomsinngrep

Eigedomstilhøva er avklart. Planen medfører ikkje inngrep på andre sin eigedom. Plangrensa er justert i forhold til eksisterande planar i området.

6 ROS analyse

6.1 Føremål og metode

6.1.1 Føremål

Føremålet med risiko- og sårbarhetsanalysar er å utarbeida eit grunnlag for planleggingsarbeidet slik at beredskapsmessige omsyn kan integrerast i den ordinære planlegginga, og at det kan gi betre grunnlag for beredskaps- og kriseplanlegging i samfunnet. «Å fremme samfunnssikkerhet i arealplanleggingen innebærer å gjøre en helhetlig vurdering av hva slags virkning planene kan ha på samfunnet og befolkningen. Dette samsvarer med det som var intensjonen da begrepet ble tatt inn i PBL.

- Bidra til den enkeltes trygghet for liv, helse og eiendom.
- Bidra til å ivareta samfunnets evne til å fungere teknisk, økonomisk og institusjonelt, og hindre en utvikling som truer viktige forutsetninger for dette.» (DSB rettleiar 2017)

Uttrykk

Risiko uttrykker den faren som uønskte hendingar representerer for menneske, miljø, økonomiske verdiar og samfunnsviktige funksjonar. Risiko er eit resultat av sannsynet for (frekvensen) og konsekvensane av uønskte hendingar (DSB).

Sårbarheit er eit uttrykk for eit system si evne til å fungera og oppnå måla sine når det blir utsett for påkjenningar (DSB).

Sannsyn er eit uttrykk for kor hyppig ei hending kan ventast å inntreffa. Vurderinga må byggja på kjennskap til lokale tilhøve, røynsler, statistikk og anna relevant informasjon.

Konsekvens er mogleg verknad av ei hending.

6.1.2 Metode

ROS-analysen er utført i samsvar med rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging» utgitt av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (2017). Byggteknisk forskrift – TEK 17 gir tryggleikskrav i forhold til naturfare (TEK 17 §7-1, 2, 3 og 4), der det er stilt krav om at byggverk skal utformast og lokalisert slik at det er tilfredsstillande tryggleik mot framtidige naturkrefter.

Omega Areal AS har nytta akseptkriterium og metode for rangering av sannsyn og konsekvensar i samsvar med DSB sin rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging» (2017), samt akseptkriteria frå TEK17 når det gjeld naturfarar.

DSB sin rettleiar deler ROS-analysen inn i fem trinn:

1. Beskrive planområdet
2. Identifisere moglege uønskete hendingar
3. Vurdere risiko og sårbarheit (Sannsyn, konsekvens, usikkerheit)
4. Identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit
5. Dokumentere analysen og korleis den påverkar planforslaget

Trinn 1 gir ei kort skildring av planområdet og planlagde tiltak.

I **trinn 2** skal ein identifisera moglege uønskete hendingar. Det er laga ei sjekklister ut i frå liste med farekategoriar der det er vurdert om kategoriane er aktuelle å kartlegge for det aktuelle planområdet eller ikkje. Dei hendingane som vert vurdert å kunne vera aktuelle er vurdert, og det vert til slutt konkludert ut i frå kunnskapsgrunnlaget og den faglege vurderinga, om hendinga skal vurderast vidare i risiko- og sårbarheitsanalysen eller ikkje.

Trinn 3 er å vurdere risiko og sårbarheit av dei uønskete hendingane. Til dette vert det nytta eit analyseskjema gitt i rettleiaren frå DSB.

På bakgrunn av risiko- og sårbarheitsvurderinga i trinn tre skal det i **trinn 4** identifiserast tiltak for å redusera risiko og sårbarheit, eller avbøtande tiltak. Til dømes kan det vera aktuelt å leggja inn relevante planføresegner og omsynssoner i plandokumenta.

Trinn 5 er å vurdere korleis hendinga påverkar planforslaget. Funn frå ROS-analysen må følgjast opp i planen.

Kriteria for rangering av sannsyn

Sannsynsklasse	Kor ofte kan ein vente hendingar:	Sannsyn (per år)
Høg	Oftare enn 1 gong i løpet av 10 år	>10%

Middels	1 gong i løpet av 10-100 år.	1-10%
Låg	Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 100 år	<1%

For tryggleik mot flaum og stormflo set TEK17 §7-2 følgjande tryggleikskrav som må leggest til grunn:

F	Sannsynsklasse	Kor ofte kan ein vente hendingar:	Sannsyn (per år)
F1	Høg	1 gong i løpet av 20 år	1/20
F2	Middels	1 gong i løpet av 200 år.	1/200
F3	Låg	1 gong i løpet av 1000 år	1/1000

For skred, jf. §7-3 gjeld følgjande sannsynsvurderingar:

S	Sannsynsklasse	Kor ofte kan ein vente hendingar:	Sannsyn (per år)
S1	Høg	1 gong i løpet av 100 år	1/100
S2	Middels	1 gong i løpet av 1000 år.	1/1000
S3	Låg	1 gong i løpet av 5000 år	1/5000

Kriteria for rangering av konsekvens

Rettleiaren legg opp til ei vurdering av dei tre konsekvenstypene «liv og helse», «stabilitet» (tidlegare kalla 'miljø') og «materielle verdiar».

«Liv og helse» skal vurderast ut frå talet på omkomne, skadde (varig og mellombels) eller andre som er påført helsemessige belastningar på grunn av den uønskte hendinga.

«Stabilitet» skal vurderast ut frå konsekvensar for befolkninga (tal og varigheit) som blir råka av hendinga gjennom svikt i kritiske samfunnsfunksjonar, og som kan bidra til manglande tilgjenge på mat, drikke, husly, varme, kommunikasjon, tilgjenge etc.

«Materielle verdiar» skal vurderast ut frå direkte kostnader som følgje av den uønskte hendinga i form av økonomiske tap knytt til skade på eigendom.

Omfanget av konsekvensane blir vurdert i følgjande konsekvenskategoriar:

Konsekvens kategoriar	Store	Middels	Små	Ikkje relevant
Liv og helse	> 10 døde/hardt skada	1-10 døde/hardt skada	Ingen døde/hardt skada	

Stabilitet	> 50 personar eller ein eller fleire større bedrifter påverka i over 7 dagar	> 20 personar eller ein eller fleire større bedrifter påverka i 2-7 dagar	< 10 personar eller ein eller fleire større bedrifter påverka i 1-2 dagar	
Materielle verdiar	> 5 mrd kroner	100 mill – 5 mrd kroner	< 100 mill kroner	

Vurdering av risiko og sårbarheit

Dei uønskte hendingane skal etter identifisering analyserast for å vise risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for å ivareta samfunnssikkerheita i planforslaget.

6.2 Skildring av planområdet

Planområdet er på ca. 20,6 daa og mykje av området er utbygd og inngår i eksisterande reguleringsplan for campingplassen. I dette tilfelle er det snakk om mindre endringar innanfor planområdet for å tillate tilbygg til servicebygning og noko justert plassering av utleiehytter, sjå elles skildring ovanfor.

6.3 Identifisering av moglege uønskte hendingar

I dette delkapittelet vert moglege uønskte hendingar identifisert gjennom ei konkret skildring. Hensikten er å leggje til rette for å vurdere risiko og sårbarheit og å kartlegge aktuelle førebyggjande tiltak i neste delkapittel.

Dersom dei moglege uønskte hendingane har antatt høg risiko eller er representative for planområdet og utbyggingsføremålet, gir desse grunnlag for å vidare vise risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for å ivareta samfunnssikkerheita i planforslaget. Dei uønskte hendingane vert i slike tilfelle vurdert vidare ved bruk av analyseskjema frå DSB.

Hending/ situasjon	Moglege uønskte hendingar?	
	Ja	Nei
Naturhendingar		
Er området utsett for eller kan planen medføre risiko for:		
Ras/ skred (steinsprang, snø, sørpe og lausmasseskred)		x
Geoteknikk (bergartar, lausmassar og stabilitet)	x	
Flaum (elv, bekk)		x
Ekstrem nedbør (stormflo, høgvasstand, store bølger og stigning av havnivå)	x	
Ekstrem vind		x

Skog- og grasbrannar		x
Andre uønskte hendingar	Ja	Nei
Kan planen få konsekvensar for eller kan planområdet verta påverka av:		
Trafikkulukker		x
Skipstrafikk		x
Industri og næringsliv i nærområdet		x
Ureining (akutt og anna, ureining av grunn, deponi etc.)		x
Transport av/ulukke med farleg gods		x
Brann og eksplosjon. Innsattid og kapasitet for naudetatane		x
Dambrot		x
Støy til omgjevnadene		x
Stråling (høgspenning linje, radon)		x
Terrengformasjon (naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare)		x

6.3.1 Ras/ skred/ geoteknikk

Området ligg under den marine grensa, noko som kan indikere funn av kvikkleire i lausmassane og ei potensiell fare for kvikkleireskred. Heile planområdet ligg registrert med tynn morene og grensar til bart fjell/ bart fjell med tynt eller usamanhengande lausmassedekke mot nord og vest. Dette stemmer godt overeins med registrerte massar, der det er fjell i dagen på store delar av planområdet. Området er i dag opparbeidd og utbygd, også det meste av områda der dei nye campinghyttene skal plasserast. Sannsynet for kvikkleireskred vert difor vurdert til å vere svært lite sannsynleg, og vert difor ikkje vurdert vidare med omsyn til risiko og sårbarhet.

6.3.2 Flaum

Planområde ligg registrert med aktsemdområde for flaum i NVE sin kartbase Atlas. Dette er eit grovt anslag på maksimale flaumvasstandar avhengig av nedbørfeltsstorleiken for ein ekstrem flaum. Det er ikkje vassdrag i området, og flaumen vil ev. kome frå sjø. Framtidig havnivåendring og stormflo er angitt med høgder innanfor dei forskjellige sikkerhetsklassane angitt i TEK17 i sehavnivå.no. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) anbefalar at tallene må rundast av til heile 10 cm før bruk. I dette tilfelle vil det seie at overkant golv ikkje må liggja lågare enn kote +2.00, og dette må takast inn i føresegnene til planen.

Anbefalte tall fra DSB	Høyder over NN2000
1000-års returnivå for stormflo (sikkerhetsklasse 3 i TEK10/17) med klimapåslag (ref. DSB)	200 cm
200-års returnivå for stormflo (sikkerhetsklasse 2 i TEK10/17) med klimapåslag (ref. DSB)	193 cm
20-års returnivå for stormflo (sikkerhetsklasse 1 i TEK10/17) med klimapåslag (ref. DSB)	180 cm

Figur 14 anbefalte tall frå DSB for Fitjar kommune. Kjelde: sehavnivå.no

Ved bygging over desse høgdene, så kan me ikkje sjå at området er flaumutsett. Det er sett krav til byggehøgde i føresegnene, og me ser difor ikkje at dette tema treng nærare analyse.

6.4 Sammandrag ROS

Det er ikkje funnet at det er uønska hendingar som det må utførast nærare analyse for. Det må i føresegnene innarbeidast krav til byggehøgde for nye bygningar til varig opphald.

7 Konsekvensar/ verknader av planforslaget

Endringane er i seg sjølv små, då bruken av området allereie er der, og planendringa berre opnar for mindre justeringar innanfor området regulert til campingplass. Eigarane av campingplassen ser nå etter at dei har hatt drift på campingplassen nokre år at det vil vere ein fordel å gjerne nokre justeringar/tilpassingar for å kunne utvikle og drive plassen godt vidare. Servicebygningen med drifta av selskapslokalet er veldig viktig for å kunne drive plassen forsvarleg, og denne drifta gjer også at ein har høve for noko drift utanom vanleg campingsesong.

8 Avsluttande kommentar

Endringane som føreslått gjer ikkje endringar i hovudføremåla med planen, men er avgjerande for god vidare drift av campingplassen. Endringane går i hovudsak på utviding av områda for servicebygg og justering i byggeområda for utleigehytter.

9 Vedlegg

Vedlagte dokument følgjer planskildringa.

Dokument	Dato	Revisjonsdato
Plankart		04.12.2020
Føresegner		04.12.2020

Illustrasjon byggegrenser

04.12.2020

Andre vedlegg

SOSI- eksport og loggfil